



STRATEGI FOR REDUSERT BRUK- OG FORSØPLING AV PLAST I TOKKE KOMMUNE

Vedtøken i kommunestyret 18. desember 2018

1. Tokke kommune feiar for eiga dør!

1.1 Forbod mot innkjøp av plastartikklar/ eingongsmateriell

Etter at kommunestyret vedtok i gangsetjing av arbeid med strategi mot plastforureining, vedtok leiargruppa iverksetjing av forbod mot innkjøp av unødvendig eingongsmateriell, sendt ut i heile organisasjonen 1. juni 2018:

Leiargruppa har kome fram til at vi innfører eit generelt forbod på innkjøp av eingongsmateriell i plast, slik som plastbestikk og plastkrus. Der det MÅ nyttast eingongsmateriell, skal ein velje papp/ nedbrytbart materiale så langt det er mogleg.

Forbodet kan føre til behov for innkjøp av meir vanleg bestikk og koppar på etaten/ avdelinga. Forbodet gjeld ikkje heilt spesielle forbruksartikklar på område som ikkje har anna naturleg erstatningsprodukt tilgjengeleg.



1.2 Informasjonsstrategi - omdømmebygging

Tokke kommune skal bruke strategien mot plastbruk- og forsøpling i sin informasjonsstrategi og omdømmebygging – som ein kommune som er nytenkande og aktive i dagsaktuelle miljøspørsmål.

1.3 Tekniske anlegg – tiltak på anlegg og i dagleg drift

Kommunaltekniske anlegg skal vurdere løysingar som medfører alternativ til plastmateriale ved bygging, og gjere tiltak i eksisterande anlegg der det er fare for plastforsøpling generelt, og mikroplast i økosystemet særskilt.

Plan, næring og teknisk etat er i gang med vurderingar av eksisterande anlegg, slik som moglege spreining av gummigranulat på kunstgrasbanen på Dalen. Nye lovkrav kjem stadig på dette området, og må følgjast opp.

1.4 Innføring av resirkulering av alt avfall i kommunal sektor

Eigedomsavdeling i samarbeid med uteavdelingar på PNT – etaten er i gang med å vurdere resirkuleringsordningar ved alle kommunale bygg/ anlegg.

1.5 Pådrivar mot kommunaleigde selskap for å implementere strategien

Tokke kommune er deleigar i mange viktige selskap som er styrt gjennom styremedlem, generalforsamling og eigarstrategiar. Tokke sine representantar skal vere pådrivar for gjennomføring av strategien mot bruk- og forureining med plast i kommunaleigde selskap.

1.6 Landbruksplast – betra ordningar for returpunkt og innsamling

Innanfor landbruksområdet blir det alt jobba med alternative, betra løysingar for innsamling av landbruksplast.

Tokke skal vere pådrivar her, og vere aktive med haldningsskapande tiltak for næringa.



1.7 Miljøvenlege verksemder, nyskapande næringsliv

Etablering av verksemder eller fornying av eksisterande verksemder som satsar miljøvenleg, med gjenbruk, fornying eller nyskaping innan miljøområdet, skal ha høg prioritet i vurderingar etter gjeldande næringsplan.

1.8 Ruskenaksjon og informasjonstilak

Reiselivskonsulenten i Tokke kommune har saman med uteavdelinga i mange år samarbeidd med Statens vegvesen og skulen i Tokke om oppryddingsaksjon langs hovudvegane i kommunen. Dette har vore særskilt vellukka og skal halde fram.



Figur 1 Ruskeakjson på Dalen 2016

Tokke kommune skal fortløpande vurdere aktuelle informasjonsmåtar med skilting og haldningsskapande arbeid retta mot reiselivsnæringa og ferdsel/ bruk av utmark, særleg i høve til plastforsøpling.

I samband med varsel om flaum skal det sendast ut informasjon med oppmoding om ryddig av plast og anna søppel som kan kome ut i vassdrag

2. Frivilligheiten i Tokke – stimulere til aktivitetar og dugnader med redusert plastbruk og forsøpling

Samarbeid med frivillige lag, organisasjonar og frivilligsentral om å bruke nedbrytbare materiale i sine arrangement, samt leggje til rette for redusert forsøpling i samband med forebyggjande arbeid og arrangement. Kultur og oppvekstutvalet vert oppmoda om fremje eigen sak om støtteordningar/ belønning av tiltak for å fremje miljø- og redusert bruk av plast generelt.

3. Born og unge i Tokke – førebyggjande og haldningsskapande arbeid i fokus

Skule-, barnehage- og kulturarenaer skal leggje til rette for kjeldesortering og god haldningar kring avfallshandtering og særleg plastproblematikk i samfunnet. Her ligg det føre mykje rettleingsmateriale nasjonalt, som kan nyttast i arbeidet.

Tiltaka blir jobba vidare med, og konkretisert av kultur, oppvekst og idrettsetaten.

Gjennomføring:

Der tiltak krev større kostnader/ investeringar må dette leggjast fram i samband med prioritering i årleg budsjettarbeid.

Rådmannen har ansvaret for delegering og vidare arbeid med gjennomføring av strategi i den einskilde etat. Rapportering av tiltak og erfaringar med bruk av strategien, rapporterast i samband med årsmelding, og til fagetaten på forureiningsområdet.